

**Saksbeh**

Audun Grødem

Ref.

2016000097-11

Arkivkode

/K2 - U62, K3 - &18

Dato:

22.04.2016

Alkoholpolitiske retningslinjer 2016 - 2019

Vedtatt i kommunestyret i møte 11.05.2016 sak 47/16

Del 1: Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve**1. Målsetting:**

Forsand kommune sin alkoholpolitikk skal ha som målsetting å avgrense dei samfunnmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebere. Retningslinjene har som mål å balansere mellom følgjande omsyn:

- At innbyggjarane ønskjer tilgang til alkohol
- Alkohol har store negative verknader samfunnsmessig og individuelt
- Næringsinteresser ønskjer føreseielege og konkurransedyktige vilkår for drift av sals- og skjenkestader

Kommunen kan tildele to hovudtypar løyve:

- Salsløyve av alkoholhaldig drikk med opptil 4,7 volumprosent alkohol
- Skjenkeløyve – for fleire år om gongen, for ein bestemt del av året eller for einskilde høve.
- Produksjon av alkoholhaldig drikk med opptil 4,7 volumprosent alkohol for einskilde høve.

2. Felles reglar for faste sals- og skjenkeløyve

- Kommunestyret kan gje løyve for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk for 4 år om gongen, frå 01.07.2016 til 30.06.2020.
- Eit fast løyve kan ikkje takast i bruk før styrar og nestansvarleg har avlagt godkjent kunnskapsprøve.
- Innehavar av eit fast løyve har plikt til å føre internkontroll ved verksemda som sikrar at løyvet vert praktisert i samsvar med krav gitt i vedtak og alkoholova med forskrifter. Internkontrollsystemet skal dokumenterast for skjenkekontrollen. Krav om internkontrollsystem kan også bli stilt ved alminneleg skjenkeløyve for eit enkelt høve der det er tale om store enkeltarrangement.
- Dei som får alminneleg skjenkeløyve og ikkje har fast opningstider pliktar å gje kommunen opplysningar om tilstellingar slik at skjenkekontrollen vert lett å utføre.

Følgjande rutinar må løyveharar ha skriftleg i eit internkontrollsystem (kulepkt 1-4 gjeld bare skjenkeløyve):

- Hindra at mindreårige får skjenka alkohol av andre gjester.
- Hindra overskjenking.
- Hindra tydeleg påverka personar tilgjenge til staden.
- Bortvising av tydeleg påverka personar. NB! Hugs hjelpeplikta.
- Be om legitimasjon i tvilstilfelle

- Hindra at personar nyt medbrakt i skjenkelokalet, eller at dei drikk alkohol i salslokalet.
- Sikra at sals- og skjenketider blir følgde.
- Informera kommunen om endringar av drifta m.a. eigarskifte og skifte av styrar og vikar.
- Rutinar for reaksjonar på brot på regelverket
- Ansvar for internkontrollsystemet
- Regelmessig gjennomgang av internkontrollsystemet.

Det kan gjerast unntak for desse minimumskrava når kravet ovanfor den einskilde verksemd openbart er urimeleg.

3. Salsløyve

Løyve til sal av alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol kan gis daglegvareforretningar med eit breitt utval av varer, og spesialutsal for øl og mineralvatn etter søknad.

Sal av øl kan føregå til desse tidene:

- Måndag-fredag: kl. 09.00-20.00
- Dagar før sundag og helgedagar: kl. 09.00-18.00*

* Gjeld ikkje dagen før Kr. himmelfartsdag.

Sal og utlevering av øl skal ikkje skje på sun- og helgedagar, 1. og 17.mai.

4. Skjenkeløyve

1. Alminneleg skjenkeløyve kan gjevast til verksemder som til ei kvar tid blir drive i samsvar med gjeldande næringsmiddelføresegner. Lokalet må vere godkjent for bruk til føremålet og verksemda må ha serveringsløyve.
2. Alminneleg skjenkeløyve kan gjevast til verksemder der skjenking av alkohol vert vurdert som ein naturleg del av driftskonseptet og der servering av mat og drikke utgjer hovudelementet.
3. Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig med meir enn 22 volumprosent alkohol kan ikkje gjevast dersom dette gjeld campingplass, eller andre stader der barn og unge oppheld seg over tid.
4. Alminneleg skjenkeløyve kan ut frå ei konkret vurdering gjerast gjeldande på eit nærare avgrensa uteområde.
5. Det kan ut frå ei konkret vurdering gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldige drikk på mindre enn 22 volumprosent for eit einskild høve under føresetnad at arrangementet tar omsyn til barn og unge.

4.1. Store arrangement

Ved søknader om skjenkeløyve for eit enkelt høve ved særleg store arrangement (over 500 deltakarar) kan kommunen krevje at styrar og evt nestansvarleg har gjennomført kunnskapsprøva etter alkohollova.

4.2. Ambulerande løyve.

Ambulerande løyve for alkoholhaldig drikke kan gjevast til slutta selskap.

4.3. Skjenketider

Skjenketid for øl og vin er frå kl.12.00 til kl 01.00

Skjenketid for brennevin er frå kl. 13.00 til kl. 24.00

Skjenking av brennevin er forbode på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming ved lov.

Konsum av utskjenka alkohol må stansast 30 minutt etter skjenketidas slutt.

Fastsett skjenketid kan utvidast for eit enkelt høve.

4.4. Fullmakter

Faste sals- og skjenkeløyve vert avgjort av kommunestyret etter innstilling frå formannskapet. Midlertidig inndraging av løyve vert avgjort av formannskapet.

Formannskapet har fullmakt til å avgjere følgjande saker:

- Godkjenning av flytting av løyve til nye lokale
- Godkjenne endring av driftsform.
- Gjere vedtak om tildeling av prikkar ved hendingar som kvalifiserer for 4 prikkar eller meir, sjå nedanfor.
- Gjere vedtak om inndraging av løyve når ei verksemd har blitt tildelt 12 prikkar.

Rådmannen har fullmakt til å avgjere følgjande saker:

- Tildeling av ambulerande løyve
- Tildeling av løyve for eit enkelt høve
- Godkjenne skifte av styrar og nestansvarleg
- Endring av faste løyve for eit enkelt høve når det gjeld skjenkeareal og skjenketid.
- Gjere vedtak om tildeling av prikkar ved hendingar som kvalifiserer for mindre enn 4 prikkar, sjå nedanfor.

5. Gebyr for sal og skjenking.

Gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk er regulert i forskrift til alkohollova.

Gjeldande satsar er:

Sal: Satsane her er fastsette sentralt og er fortida

kr. 0,20 pr vareliter for gruppe 1

Minimumsgebyr pr år: kr. 1350,-

Skjenking: Satsane her er fastsette sentralt og er for tida

Kr 0,44 pr vareliter for gruppe 1

Kr 1,18 pr vareliter for gruppe 2

Kr 3,87 pr vareliter for gruppe 3

Minimumsgebyr pr år: kr 4000,-

Gebyr for løyve som gjeld skjenking for ambulerande løyve er for tida kr 280 pr gong. (Er regulert i forskrifta)

Gebyr for skjenking ved einskilde høve: For små arrangement(opp til 100 deltakarar): same sats som gjeld for ambulerande løyve. For større arrangement(mellom 100 og 500 deltakarar): kr. 1000,-. For store arrangement(meir enn 500 deltakarar): kr 5000,-.

Del 2: Retningslinjer for sanksjonar ved brot på regelverket.

1. Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Kommunen har ansvaret for kontroll med sals- og skjenkeløyva jf § 1-9. Kontrollen skal sjekke om verksemda driv løyvet i samsvar med krav gitt i vedtak og alkoholova med forskrifter. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketider, reglar når det gjeld aldersgrenser og at det ikkje vert selt eller skjenka til personar som er openbert påverka av rusmiddel.

Sals- og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte det er behov. Kvar stad skal minst kontrollerast ein gong årleg og det skal utførast minst 3 gonger så mange kontrollar som er det er sals- og skjenkestader i kommunen. I tillegg skal det utførast kontrollar ved løyve for einskilde høve og ambulerande løyve.

Kommunen har avtale med Brannvesenet i Sør-Rogaland om gjennomføring av sals- og skjenkekontroll.

1. Sanksjonar:

Ved brot på lov og regelverk for sal og skjenking eller regelverk som har samanheng med føremålet i alkoholova og brot på skatte-, avgifts og rekneskapslovgivinga kan kommunen gje reaksjonar i form av tildeling av prikkar i samsvar med alkoholova. Når ei verksemd er tildelt 12 prikkar kan kommunen gjere vedtak om midlertidig inndraging av løyvet, sjå nedanfor.

2.1. Brot på lov og regelverk.

Dersom sòkar/verksemd ikkje oppfyller krava til vandel eller på anna vis har gjort seg skuldig i brot på lov og regelverk for sal og skjenking eller regelverk som har samanheng med føremålet i alkoholova skal det ikkje gjevast løyve for sal eller skjenking før tilhøvet er retta opp. Dette gjeld også brot på skatte-, avgifts og rekneskapslovgivinga.

Dersom slike brot skjer midt i ein løyveperiode skal det gjevast skriftleg åtvaring og ein frist for å rette opp i tilhøva. Dersom tilhøva ikkje er retta opp innan oppsett frist kan løyvet bli trekt inn for resten av løyveperioden.

Tilhøve som kan vektleggast i vurderinga er tidlegare brot på regelverket, om føremålet med alkoholova er brote, om løyveinnehavaren kan klandrast for brotet og om staden har gjort noko for å rette opp brotet osv.

Nytt sanksjonssystem

Stortinget har vedtatt nytt nasjonalt sanksjonssystem som altså skal gjelde likt i alle kommunar. Det nye er eit såkalla prikk-system. Systemet inneber at kommunen kan tildele verksemda prikkar for ulike avvik frå regelverket. Grunnlaget for tildeling av prikkar er skjenkekontrollen sine skjenkerapportar. Det blir gjeve ulike antal prikker avhengig av kor alvorleg avviket frå regelverket er.

Det mest alvorlege avviket – her kan det gjevast 8 prikkar.

Dette gjeld td. Sal/skjenking til mindreårige, brot på hjelpeplikta, brot på kravet om forsvarleg drift, hindring av skjenkekontrollen sitt arbeid.

Det kan gjevast 4 prikkar for følgjande avvik:

Sal/skjenking til person som er openbert påverka, brot på sals- eller skjenketidene, skjenking av brennevin til 18. og 19 åringar, brot på alderskravet til den som sel eller skjenkar.

Det kan gjevast 2 prikkar for følgjande avvik:

Brot på reglane om forbod mot person som er openbert påverka av rusmiddel i lokala, r manglar ved internkontrollen, manglande innlevering av omsetningsoppgåve, manglande betaling av gebyr, brot på kravet om styrar og nestansvarleg.

Det kan gjevast 1 prikk for følgjande avvik:

Brot på kravet om alkoholfrie alternativ, brot på reglane om skjenkemengde, konsum av medbragt drikk, gjester tar med alkohol ut av lokalet, brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk, brot på vilkår i løyvevedtaket, brot på reklameforbodet.

Når ei verksemd har fått 12 prikkar i løpet av ein to-årsperiode – skal løyvet inndragast i 1 veke. Perioden startar ved første brudd.

To-årsperioden går utover bevillingsperiode. Ved overdraging startar ny periode ved overdragingstidspunkt.

Avgjerd om tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Klageinstans er fylkesmannen.

Audun Grødem
Organisasjonssjef